



Statens vegvesen

Hammar - kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:
2015/038340-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.05.2015

Uttale til dispensasjonssak etter plan- og bygningslova - søknad om utvidet bruk av avkjørsel og søknad om dispensasjon fra byggegrense - fv. 409 - gnr. 22 bnr. 1 - Radøy kommune - Nybygg

Statens vegvesen viser til søknad om utvida bruk av avkjørsle og dispensasjon frå byggegrensekravet i veglova. Søknaden er mottatt hos oss 25.03.2015. Vi var på synfaring på staden 27.04.2015.

Opplysningar om saksgang

Før Statens vegvesen handsamar søknader etter veglova skal tiltaka vere avklara etter plan- og bygningslova. Gnr. 22 bnr. 1 er vist som landbruks-, natur og friluftsområde (LNF) i kommuneplanens arealdel. Bustad fell ikkje inn under LNF-føremålet. Det er kommunen som planmynde som avgjer om det skal gjevast dispensasjon frå LNF-føremålet. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. I denne saka gjeld dette byggegrense mot veg og utvida bruk av avkjørsel.

Førehandsuttale til handsaming etter plan- og bygningslova

Det er søkt om utvida bruk av avkjørsle til eit bustadhus med garasje. Det er i kartvedlegget til søknaden vist tilkomstveg til privat veg som så har avkjørsle ut i fylkesveg (vår referanse hp 50, km 0,129).

I rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i region vest er vegen klassifisert med haldningsklasse 3. Det vil for avstandskravet seie at vi skal legge til grunn ei byggegrense på 30 meter når vi handsamar saka. For avkjørsla vil det seie at vi normalt bør gje løyve til utvida bruk av bustadavkjørsla dersom dei tekniske krava vert tilfredsstilt.

Byggegrense:

I søknaden er det tatt utgangspunkt i ei byggegrense på 15 meter. Dette er avvik frå avstandskravet i rammeplanen. På bakgrunn av dette rår vi til at bygningane vert trekt lengre bort frå vegen. I rammeplanen er det gjort ein gjennomgang av vegane for å få lik handsaming. Det er 30 meter som er retningslinja for fylkesveg 409 her.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Avkøyrslø:

På synfaring kunne vi sjå at avkøyrsla de søker om utvida bruk av ikkje tilfredsstillar våre tekniske krav slik ho ligg i dag. Helling ut i avkøyrsla er for bratt. Dette må utbetrast i samsvar med handbok N100 før avkøyrsla kan godkjennast. Det må og leggast drenering i/under avkøyrsla.

Prinsippsskisse over helling i avkøyrslø:



Prinsippsskisse for denne løysinga skal leggast til grunn ved vidare handsaming av dispensasjonssaka.

I tillegg vil vi rå til å samordne avkøyrsløne for gnr. 22 bnr. 1. Slik det ligg i dag er det tre avkøyrslø tett på kvarandre. Den sørlegaste avkøyrsla har ikkje god nok sikt. Vi rå til at dei tre avkøyrsløne vert samordna til ei.

Utover dette har vi ikkje merknader til kommunen si dispensasjonshandsaming etter plan- og bygningslova.

Vidare saksgang for handsaming av saka etter veglova

Statens vegvesen avventar vidare handsaming av søknad om utvida bruk av avkjørsel og dispensasjon frå byggegrense mot veg til saka er avklart etter plan- og bygningslova frå kommunen si side. Dette brevet kan sendast kommunen som vedlegg til ein dispensasjonssøknad. Når dispensasjonssaka er avklart må det sendast ny søknad med kartvedlegg som viser godkjent plassering av bygga.

Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Kari Elster Moen
overingeniør

Kopi: Radøy kommune